

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

6. januar 2018

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Uttale til søknad om utviding av oppdrettsanlegg etter akvakulturlova – Langøy

Eide Fjordbruk AS søker om å få utvida anlegget for oppdrett av matfisk ved Langøy i Lindås kommune. Det vert søkt om å etablere 5 nye ringar i rekkje nordvest for eksisterande anlegg. Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk AS ynskjer å nytte fullt ut løyva som er gitt på til saman 4680 tonn på lokaliteten.

Utvidinga det er søkt om, vil skje innanfor areal avsett til akvakultur i reguleringsplan Langøy-Ospeneset, som vart godkjent i kommunestyret 02.11.2017.

Naturvernforbundet Nordhordland handsama søknaden på styremøte 20.12.17 og vedtok å gå imot løyve.

Vi meiner ei utviding strid med føringane i det nye systemet for kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett, det såkalla trafikklyssystemet, som trådde i kraft 15. oktober 2017. Systemet medfører at havbruksnæringa si miljøpåverknad er avgjerande for om næringa skal få tilbod om auke i produksjonskapasiteten eller ikkje. Miljøpåverknaden vert vurdert innanfor 13 fastsette produksjonsområde langs kysten. Det vert gjort vurderingar anna kvart år, og kapasiteten vert justert med 6 prosent, opp (grønt) eller ned (raudt). I gule områder vert kapasiteten fryst.

Naturvernforbundet vil peika på at tiltaket på Langøy ligg i produksjonsområde 4 frå Nordhordland til Stadt. Området har fått trafikklys raudt. Det betyr at produksjonen på sikt skal ned med 6 %.

Sjølv om det ikkje er søkt om auka biomasse, vil ei arealutviding med staus quo i biomasse i seg sjølv vera i strid med intensjonane om reduksjon i Nordhordland. Systemet er etablert for å få ned spreiring av lakselus og for å få ned dødelegheita i anlegga. På dette område har oppdrettsanlegg i Nordhordland store utfordringar, ikkje minst i Austfjorden og Masfjorden. Då er det viktig med preventive tiltak.

Når det gjeld arealutvidinga det vert søkt om på Langøy ytst i Austfjorden, syner tilleggsnotat frå Rådgivende Biologer datert 13.09.17 at risikoen for spreiring av lakselus frå lokaliteten vil auka:

I sum tilseier ulike typar lakselus-overvaking i Austfjorden dei siste åra at oppdrettsaktiviteten har forårsaka auka smittepress av lakselus i fjordsystemet. Dette har sannsynlegvis betydelege negative verknadar på bestandane av laks og sjøaure i Austfjorden og Masfjorden. Omsøkte arealutviding, med same MTB fordelt på fleire ringar over eit større areal, kan gi auka risiko for påslag av lus på fisk i anlegget, som deretter sannsynlegvis vil ha høg grad av intern smitte. Dermed vil dette potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring» i anlegget, og dermed ein liten auke i produksjon av og spreiring av luselarvar til omgjevnadene.

Med bakgrunn i det nye systemet for kapasitetsjusteringar som er etablert og potensialet for auka spreiding av lakselus som Rådgjevande Biologar beskriv i rapporten sin, meiner Naturvernforbundet Nordhordland det vil vera sterkt i strid med det smittevernet styresmaktene har vedteke, å gje løyve til arealutviding på Langøy. Søknaden må derfor få avslag.

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

Kopi: Mattilsynet